



**Stølsheimen  
verneområdestyre**

**Postadresse**  
Stølsheimen verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Fjordsenteret  
5745 Aurland

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3129

fmv/post@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2021/15133-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 29.10.2021

## Uttale - Stølsheimen verneområdestyre - vilkårsrevisjon - Evanger kraftverk - Eksingedalsvassdraget

Viser til høyringsbrev frå NVE om vilkårsrevisjon for Evanger kraftverk – Eksingedals- og Teigdalsvassdraget, og revisjonsdokument frå BKK.

Stølsheimen verneområdestyre har forvaltningsansvar for Stølsheimen landskapsvernområde, og gjev uttale om forhold som påverkar verneverdiane i landskapsvernområdet.

Innan for Stølsheimen landskapsvernområde er landskapet kring Vassøyane og Torvedalstjørni påverka av vassdragsreguleringa.

Elva som renn ut frå Torvedalstjørni har lite vatn store deler av året. Det bør setjast krav om minstevassføring for denne elva slik at verknaden på landskapet og levevilkåra for fisken i vassdraget vert betra, minstevassføringa bør setjast til minimum 5-percentil heile året.

Etter vatnet i Vassøyane vart regulert opp til ny fast vasstand, vart stien mellom Raudbergvatnet og Vassøyane demt ned. Stien er lagt om, og går langs Raudbergvatnet i ei bratt steinur. På dette partiet av stien bør det vurderast tiltak for å gjera ferdsel på stien sikrere i sommarhalvåret. Fysiske tiltak i terrenget er søknadspliktig etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde.

Større vedlikehaldsarbeid på damanlegga i Torvedalstjørni og Vassøyane som krev endring av normal vasstand, kan få verknad på landskapet. Alle tiltak som kan få verknad på landskapet er søknadspliktige tiltak etter verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde. Dersom arbeid på damanlegga medfører nedtapping av vatna, vil det ligge utanfor det som vert rekna som vedlikehald i verneforskrifta. Det må difor setjast vilkår om søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde før slike tiltak kan iverksetjast.

Stølsheimen utgjer ein vesentleg del av Fjellheimen villreinområde. Anleggsvegane og kraftutbygging har hatt negative konsekvensar for villreinen sin bruk av dette fjellområdet. Anleggsvegane er utanfor landskapsvernområdet, men ferdselen på vegane påverkar villreinen sin bruk av heile området. Både ferdsel på vegane og brøytekanter påverkar villreinen sitt trekk mellom ulike funksjonsområde. For å dempe ulempene for villreinen, bør ikkje anleggsvegane brøytest på vinteren eller vår/tidleg sommar.



**Stolsheimen  
verneområdestyre**

---

Med helsing

Anbjørg Nornes  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Statsforvaltaren i Vestland Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER